



H E i l t  
og over

K r i m i

N e l T .

Sunnfjordske  
krimdagar

20.-23.  
september 2007

# HEILT KRIMINELT

## Sunnfjordske krimdagar

Sunnfjordske krimdagar går inn i sitt andre år, og etter suksessen i fjor var det ikkje vanskeleg å ta avgjerda om å sette i gang igjen. Dette er ei litteratur-satsing med eit utval av det beste landet har å by på av krimforfattarar, og vi ynskjer på denne måten å markere at Førde har ei historie som forfatterby – frå Elster, Fasting og Christensen til dagens spanande skribentar.

For å freiste eit breitt publikum, har vi utvida tilbodet med mellom anna krimvandringa *Den eines død, den andres liv*, og den litt spesielle opplevinga *Mord og middag*. Også borna får sine tilbod med forskjellige arrangement på familiedagen i Førdehuset.



Vi vonar at alle finn noko av interesse i vår rikhal-dige meny, og at de set av dagane 20.- 23. sep-tember til ei annleis veke med gode bøker, forfat-tartreff, musikk, film og teater. Berre forsyn dykk!

Judith Hegrenes  
Styremedlem og initiativtakar

## TORS DAG 20. SEPTEMBER

- 19:00 Opning leia av Anne Mette Hjelle med gjester på Quality Hotel Førde.  
*Sjå side 5.*
- 21:00 *Dødelig madonna og andre brotsverk* på Quality Hotel Førde  
Gunnar Staalesen og Fredrik Skagen om Dødelig madonna. *Sjå side 5.*

## FREDAG 21. SEPTEMBER

- 10:00 Seminar om økonomisk kriminalitet og korrupsjon. på Quality Hotel Førde. Leia av Terje Lyngstad.  
Foredragshaldarar: Leif A. Lier, Stein Morten Lier og Kjell Ola Dahl.  
*Sjå side 6.*
- 15-17 Boksigningar hjå Førde Libris og Økland Libris Førde med Kjell Ola Dahl og Stein Morten Lier m.fl.
- 15:00 Premiére på den lokale krimfilmen Brulandsmysteriet v/ Chris André Kjelsnes. Quality Hotel Førde. Billettar ved inngang.
- 18:30 Bokkafé på Quality Hotel Førde.  
Rune Timberlid med gjester: Kjell Ola Dahl, Stein Morten Lier og Ingrid Berglund.
- 20:15 Krimnatt i Angedalen  
Hegrenes Bruk. Krim og rock i fjøsen med m.a. Ragnar Hovland, Atle Hansen og Alf Tande-Petersen. Gratis buss frå Quality Hotel Førde kl 19.45. Retur kl 01.00. *Sjå side 9.*
- 22:00 Den tredje mann – kino  
Førdehuset, Lisjesalen  
Krimklassikar frå 1949. *Sjå side 8.*

## LAURDAG 22. SEPTEMBER

12:00-16:00

Familedag i Førdehuset. *Sjå meir info om aktivitetane på side 10.*

12:00 Leik i bassenget med vannpistol og badeball.

13:00 Radiopiratane – kino Førdehuset, Kinosalen  
Norsk familiefilm.

13:00 Bokkafé på Quality Hotel Førde.

Vi møter Ragnar Hovland, Atle Hansen og Alf Tande-Petersen.  
Lunsjtallerken.

15:00 Eventyr og spenning og kanskje litt rock? Program i biblioteket for  
born frå 10 år, med Atle Hansen og Ragnar Hovland.

15:00 Den eines død, den andres liv. Krimvandring ved ProScenia og  
Sogn og Fjordane Teater. Sunnfjord Museum. *Sjå side 13.*

20:00 Mord og middag.

Quality Hotel Førde.

Rollespel der middagsgjestene deltar i løysinga av ei krimgåte.  
*Sjå side 14.*

## SØNDAG 23. SEPTEMBER

19:00 Den tredje mann – kino

Førdehuset, Lisjesalen

Årets krimklassikar frå 1949. *Sjå side 8.*



## Opning av krimdagane:

### Med korrupsjon som leietråd

Årest tema er korrupsjon. Vi møter Stein Morten Lier som har skrive bok basert på NOKAS - ranet, i samarbeid med faren Leif A. Lier som har vore politiinspektør og sjef for etterretningsseksjonen i Oslo. Han arbeider no som privat etterforskar. Fredrik Skagen er ute med boka *Godnatt, min elskede*, som tek for seg nettopp dette temaet. Kjell Ola Dahl har økonomisk kriminalitet som tema i fleire av sine bøker. Ikkje minst i boka *Lindemann og Sachs*, der vi får eit innblikk i norsk næringslivs historie. Jørn Lier Horst skal snakke om bøkene sine, som er basert på erfaringar frå politiyrket. Eli Haugen Indrestrand er aktuell med boka *Sirius* som skal lanserast på Selja Forlag denne hausten. Opninga vert leia av Anne Mette Hjelle. Musikk ved Harald Løkeland (bass) og Sigmund Omvik (piano).

Bill kr 65,- (inkludert entrè til *Dødelig madonna* med Gunnar Staalesen og Fredrik Skagen kl 21:00.)

### Dødelig madonna og andre brotsverk

Quality Hotel Førde med Fredrik Skagen og Gunnar Staalesen. Boka *Dødelig madonna* (1993) skildrar det fyrste og einaste møtet mellom dei kjende krimromanfigurane: Morten Martens og Varg Veum. Fredrik Skagen og Gunnar Staalesen har skrive boka saman etter ein idè og initiativ frå Odd Magnar Syversen. Det er forfattarane sjølve som fortel om denne litt spesielle utgjevinga.

torsdag 20. september

KL 19:00, OPNING, Quality Hotel Førde  
KL 21:00 DØDELIG MADONNA, Quality Hotel Førde

5

## Miniseminar

### Økonomisk kriminalitet og korrupsjon

(ca 3 timar)

Leif A. Lier, Kjell Ola Dahl og Stein Morten Lier.



Stein Morten Lier



Leif A. Lier



Kjell Ola Dahl

**Leif A. Lier** er tidlegare politiinspektør og sjef for etterretningsseksjonen i Oslo. Han er no privatetterforskar. Han tek for seg mellom anna utviklinga av kriminalitet frå 60-åra og til i dag, og kva slags kriminalitet kan vi vente oss i dei komande år. Tjuveri frå minibankar, verditransport og bankran, deriblant NOKAS-ranet. Organisert kriminalitet og politiets organisering og ressursar – både mannskap og materiell.

**Stein Morten Lier** er forfattar, han har skrive om mellom anna mafia og er oppteken av faren frå aust – den austuropeiske mafiaen som kjem veltande innover oss. Han tek for seg dette temaet under miniseminalet.

**Kjell Ola Dahl** er forfatter med norsk kriminalitet som spesialfelt, og har gjort mykje research på dette området. Debutbok i 1993 *Dødens investeringer*, var basert på økonomisk kriminalitet. Boka frå i fjor, *Lindeman & Sachs* tar i thriller-form for seg norsk næringslivshistorie frå 1973 til 1987. Her ligg mykje kriminalitet gravlagd. Nokre av konklusjonane er at spelereglane sjeldan vert følgde når pengane freistar. I 2000 mottok han Rivertonprisen for boka *En liten gyllen ring*.

fredag 21. september

6

KL 10:00, MINISEMINAR, Quality Hotel Førde,  
Billett: kr 200,- (kr 50,- for skuleelevar)



## Jørn Lier Horst

- Politimann  
og krimforfattar

Den siste boka hans  
*Den eneste ene* kom ut  
våren 2007.

Horst sitt yrke som politi-  
mann oppfyller krim-  
sjangeren sitt kanskje viktige  
element, nemlig tru-  
verd. Han kjenner godt til  
miljøet og metodane han  
skriv om.

Foto: Morten Rakke

KL 19:00 Horst er med på  
OPNINGA av Sunnfjordske  
Krimdagar

7

## Bokkafé

Vorspiel til Krimnatt i Angedalen.

Rune Timberlid med gjester: Kjell Ola Dahl, Stein Morten Lier og Ingrid Berglund. Gratis buss frå Quality Hotel Førde til krimnatt i Angedalen på Hegrenes Bruk kl 19:45.

## Den tredje mann —kino

Krimklassikar frå 1949.

Den amerikanske westernforfattaren Holly Martins kjem til Wien for å samarbeide med sin gode venn Harry Lime. Han vert møtt av den distignverte politimannen Collway som fortel at venen hans er omkomen i ei bilulykke. Martins trur ikkje dette er ei ulykke. Filmen varer i 1 t. 45 min.

Fredag 21. september kl 22:00 og søndag 23. september kl 19:00



*«In Italy for thirty years under the Borgias they had warfare, terror, murder and bloodshed, but they produced Michelangelo, Leonardo da Vinci and the renaissance. In Switzerland they had brotherly love: they had five hundred years of democracy and peace - and what did that produce? The cuckoo clock!»*

- Harry Lime

fredag 21. september

KL 18:30, FORFATTARMØTE, Quality Hotel Førde. Bill: kr 65,-

KL 22:00, KINO: DEN TREDJE MANN, Førdehuset. Lisjesalen. Bill: kr 65,-

SØNDAG 23.9 KL 19:00, KINO: DEN TREDJE MANN, Førdehuset. Lisjesalen.



## Krimnatt i Angedalen

Krim og rock i fjøsen med Ragnar Hovland og Atle Hansen.

Alf Tande-Petersen gjev ein føresmak på boka han snart skal gje ut. Og kva kan Terje Ness og Steinar Vie by på?

Gratis buss frå Quality Hotel Førde til Hegrenes Bruk kl 19:45. Retur kl 01:00.



Tande-P



Ragnar Hovland

Atle Hansen

KRIMNATT, Hegrenes Bruk i Angedalen  
Bill: kr 200,-

fredag 21. september



## Familiedag i Førdehuset

12:00.

**Leik i bassenget** med vannpistol og badeball, (1 time). Ta med familien på bading med underholdning. Pris kr 25,- for dei som også kjøper kinobillett.

13:00

### Radiopiratene

Kino i Førdehuset, Storsalen.

Ny norsk familiefilm. Dette er historia om ein gut og ei jente som gjer opprør når heimbygda vert forvandla til eit mønstersamfunn der ungane vert frårøva fridomen til å vere born. Med skurkaktige radiovertar, skumle bikerbandar og tøffe unge akrobater byr filmen på spenning for store og små.

1 t. 30 min. Born kr 60/vaksen kr 70,-



15:00

**Eventyr og spenning** og litt rock i biblioteket. Forfattarane Atle Hansen og Ragnar Hovland presenterer bøkene sine og møter lesarar i aldersgruppa 10-14 år. Gratis. 1 t.

13:00

### Bokkafé

på Quality Hotel Førde. Alf Tande-Petersen, Ragnar Hovland og Atle Hansen. Leia av Katrine Sele. Kr 65,-

laurdag 22. september

10

KL 12:00-16:00, FAMILIEDAG, Førdehuset

Arrangert av:

reisemål  
**Sunnfjord**

Økland;**libris** Førde;**libris**



Førde kommune kultur



SELJA FORLAG



Støtta av:



NORSK  
KULTURRÅD



Sogn og Fjordane  
Fylkeskommune



Førde Kommune

Hovudsponsorar:

**FIRDA**



Quality Hotel Førde

BY CHOICE HOTELS

Andre sponsorar:



Økland;**libris**

Førde;**libris**



KVALITET FRÅ  
**Biltreff**  
Biltreff AS - Biltreff Motor AS

*Sunnfjord* Museum

*sparebanken*  
sogn og fjordane



# Den eines død, den andres liv

- ei krimvandring av Jan Holden og Gard Frostad Knudstad

ProScenia gjestar Sogn og Fjordane Teater med denne publikumssuksessen frå Bergen. Ei 30 år gamal kvinne vert funne drepen i skogen. Ho har vore gravlagd i jorda i to veker etter å ha blitt tatt av dage med ståltråd. Mordetterforskinga startar på den lokale politistasjonen (Sersjantløa) der kriminalassistentane (publikum) får sjå bilete av liket. Deretter blir kriminalassistentane teke med to veker tilbake i tid, der dei blir med på ei teatervandring i drapsområdet. Det flore- rer av spor, ledetrådar, fotavtrykk, uleselege brev og skumle framande.

Regi: Jan Holden og Gard Frostad Knudstad.

Skodespelarar: Jan Holden, Gard Frostad Knudstad, Robin Jacobsen og Jorunn Lullau.

Gratis buss frå Quality Hotel Førde kl 14.30. Retur etter krimvandringa.



ProScenia

KL 15:00, KRIMVANDRING, Sunnfjord Museum  
Bill: kr 160,-

laurdag 22. september

13


laurdag 22. september

## Mord og middag

Gjestane vert samla i salongen for ein drink før middagen. Dei møter den usympatiske direktøren Hans K Palmgren og den nervøse konferansevertinna Julia. Det skal vere ein kveld med full middag, langtekkeleg lysbildeframvising lange anekdoter og lange historier, men plutselig vert programmet avbote. Eit mord finn stad og juvelar forsvinn. Etterforskinga vert leia av Baron Rückerskjöld, og gjestane får hjelpe han med ledetrådane. Gjestene får legge fram sine teoriar og forhåpentlegvis skal rettferda sigre, dersom ingenting anna skjer sjølvsgat....

Reserver plass for å sikre deg denne kriminelle opplevinga på Quality Hotel Førde.

Av og med Spegelteatern.



14

KL 20:00, MORD OG MIDDAG, Quality Hotel Førde  
Bill: kr 900,- pr. person for *Mord og middag*, 3-rettars middag og dans

# Mord og middagsmeny

## Aprétif

Bloody Mary

## Forrett

Heil kreps på ei salatseng med toast  
og urtedressing


## Hovudrett

Timianmarinert lammefilet med rista  
grønsaker, broccoli og tomat,  
servert med soppsaus og fløytepoteter

## Dessert

Heimelaga karamellpudding  
med vaniljekrem



A photograph of a stone wall with a rectangular wooden frame. Inside the frame, there is a piece of parchment or paper with text written in a typewriter font. The text is a quote from Agatha Christie. The background is a rough, textured stone wall.

„Men eg kjenner  
menneskenaturen,  
min ven, og eg  
forsikrar at sjølv den  
uskuldigaste vil miste  
hovudet og gjere dei  
villaste ting, når dei  
plutseleg står ovanfor  
moglegheita av å bli  
sikta for mord.“

Agatha Christie

#### Billettinformasjon:

Billetter: Telefon 57 72 19 00, Servicetorget og Førdehuset. Restbilletter vert selde ved inngang.  
Heilt kriminelt, Sunnfjordske krimdagar, Postboks 133, 6801 Førde, Telefon 924 48 784, [www.sunnfjord.no](http://www.sunnfjord.no)  
Ansvarleg utgjevar: Tom Farsund, Reisemål Sunnfjord  
Portrettfoto: Jo Michael (s. 6), Espen Tollefsen (s. 9), N.W. Damm & Søn AS (s. 6)